

Allidrett flyttar inn i kveld

20.10.2010



Allidrett er eit nytt begrep her i bygda, men han har vorte populær allereie. Så er det da også eit utruleg allsidig tilbod Cathrine og Steinar Haugland kan lokka med.

**I kveld klokka 19 er første innetrening i denne sesongen.
Det står innebandy og fotball på programmet.**

Då sesongen starta i slutten av september var det sykling som sto på programmet (biletet) og det møtte 14 unge syklistar.

Onsdagen etter gjekk det vidare med løypeorientering og etter innebandy og fotball kjem hinderløype, klatring, basket, turn, friidrett og dans.

Og slutten er ikkje minst krevjande, det er ei lagtevling i tråd med 71 grader nord.

(Foto: Ola Matti Mathisen)